

# LANGTIDSPLAN FOR BARNEHAGENE I HELSE BERGEN 2018 – 2021

Hunstad barnehage | Ravneberget barnehage  
Vinterdalen barnehage | Vognstølen barnehage



«Hvert barn skal  
bli sett, hørt og  
stimulert ut fra  
egne forutsetninger»  
Fra Langtidsplanen



## INNHALD

- 3 Innleiing
- 4 Mål for barnehagane
- 4 Verdigrunnlag
- 5 Livsmeistring
- 7 Berekraftig utvikling og miljøarbeid
- 7 Samarbeid og foreldremedvirking
- 8 Planlegging, dokumentasjon og utvikling
- 8 Overgangar
- 9 Kompetanseutvikling
- 9 Kontaktinfo



## INNLEIING

Langtidsplanen er laga som eit felles styringsdokument for barnehagane i Helse Bergen. Dokumentet gjeld i perioda 2018 – 2021, og er eit arbeidsreiskap for personalet og skal vere til informasjon for foreldre og eigar. Langtidsplanen skal sikre progresjon og samanheng i læringa til barna og opplevingane deira gjennom heile barnehageopphaldet.

Barnehagane i Helse Bergen HF skal nyttast i rekruttering av nøkkelpersonell og sikre stabil arbeidskraft i Helse Bergen HF.

Langtidsplanen bygger på «Lov om barnehagar» sine føreskrifter og på nasjonale satsingsområder. «Rammeplan for barnehagar» er ei føreskrift til lova og gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver. Rammeplanen trådde i kraft frå 1. august 2017.

Rammeplanen sitt verdigrunnlag er styrande og skal speglast i barnehagane sine årsplanar. Barnehagen sitt innhald skal bygge på eit heilskapleg syn på læring der omsorg, leik, læring og danning er sentralt. Samarbeidet med barna sine heimar skal ligge til grunn for virksomheita.(verksemda)

Kvar av barnehagane i Helse Bergen utarbeidar ein årsplan som gir opplysningar om barnehagen sitt satsingsområde, mål og vurderingsområde.

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta vare på barna sine behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» Frå Lov om barnehagar §1.



## MÅL FOR BARNEHAGANE

Kvart barn skal bli sett, høyrte og stimulert ut frå egne føresetnadar.

## VERDIGRUNNLAG

Barnehagane skal gi barna gode læring- og utviklingsmoglegheiter i eit trygt og omsorgsfullt miljø. Barna skal få ein god barndom og eit pedagogisk tilbod gjennom leik og læring i sosialt samspel med andre barn og vaksne.

Barn og foreldre skal møte eit personale som er pålitelege, imøtekomande og løysingsorienterte. I våre barnehagar vil vi forsterke desse levereglane: Samspel og enkeltheit, og vi vil legge vekt på samhandling for å gjere kvarandre gode.

Barna i barnehagen er ei mangfaldig gruppe, og kvar og ein skal møtast som dei er. Alle skal bli inkludert og få eit likeverdig tilbod i barnehagen, og barna oppmuntrast til å ta vare på seg sjølv og andre. Personalet må kjenne barna sine interesser, behov og føresetnadar for å gi dei støtte og moglegheiter for ein god kvardag.

Barna skal møte eit personale som er aktive og anerkjennande og som tek utgangspunkt i barna sine interesser og stimulerer til kunnskap og erfaringar på nye og ukjente område.



## LIVSMEISTRING

### DANNING

Mennesket vert danna gjennom heile livet og i barnehagane legg ein grunnlaget for barnet si moglegheit til aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn. Danning er ein kontinuerleg prosess som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar.

I barnehagen vil barna møte samfunnet sine sosiale reglar, samhald og solidaritet. Barnehagane arbeidar med å fremje barna sin sosiale kompetanse slik at dei utviklar innleving og forståing for andre sine reaksjonar og uttrykksmåtar.

### OMSORG

Ein omsorgsfull relasjon mellom barna og personalet er prega av nærleik, innleving og evne og vilje til samspel. I barnehagane vert det gitt omsorg når personalet er tilstade for barna, tek barna på alvor, lyttar og anerkjenner dei. Personalet deltek i barna sine opplevingar, syner engasjement og interesse. Situasjonar i kvardagen i barnehagen gir anledning for gode og nære relasjonar med barna.

### LEIK OG LÆRING

Barnehagane sine planar skal gi rom og syne forståing for barna sin leik. Personalet har ansvar for å legge til rette og organisere barnegruppa slik at der er plass til ulike aktivitetar og leik. Barnehagane skal legge til rette for eit variert leiketilbod. Leiken er barna sin viktigaste aktivitet i barnehagen og barn leikar for dei har lyst! Personalet skal observere og vere deltakande for å få innsikt i og forståing av barna sin leik og samspel. Gjennom leiken får barna erfaring i å ta initiativ, forhandle, kompromisse og løyse konflikhtar. Dei får prøve ulike roller, dei leiar og let seg leie, og etablera nære vennskap.

Barnehagen skal ha eit trygt, utfordrande og inspirerande leikemiljø. Innanfor gitte rammer leggast det kvart år vekt på vedlikehald og oppgradering av leikeområda.

### SPRÅK OG MATEMATIKK

Personalet skal vere gode språkmodellar og må vere medvetne sitt eige språk. Dei må nytte anledningane som kjem for gode samtalar med barna og dei må gi dei tid til å fortelje og uttrykke seg. Personalet må lytte og vere observante for å fange opp det barna er opptekne av. Gode samtalar oppstår når ein tek utgangspunkt i barna sine interesser. Barna må få varierte erfaringar med språket, og når dei er delaktige utviklar dei språk og omgrep.

Barnehagane skal stimulere til nysgjerrigheit og refleksjon om samanhengar og realfaglege omgrep, og i leiken og aktivitetane skal barna gjere seg erfaringar meg matematiske omgrep og problemstillingar.



«Du och jag,  
Alfred»

fra Emil i Lønneberget,  
Astri Lindgren

## MEDVERKING

Barn skal ha meningsfulle og innholdsrike dagar i barnehagane, og må sjølv få vere med å prege dagen. Barna er aktørar i eigne liv og er viktige medspelarar i barnehagen sin kvardag. Dette gjer at personalet må lytte til barna og anerkjenne deira meiningar og ønske.

Gjennom ord og handling må personalet syne barna at dei er viktige medspelarar og personalet må kunne tolke og forstå barna sitt kroppsspråk og ulike måtar å kommunisere på.

Barnehagane i Helse Bergen skal i perioden 2018 – 2021 arbeide med prosjektet «Barna sin medverknad»

**Hovudmål:** Barna i Helse Bergen sine barnehagar skal medverke i sin kvardag.

### Delmål:

- I Helse Bergen sine barnehagar skal barna sine interesser og behov påverke barnehagekvardagen
- Barna i Helse Bergen sine barnehagar skal bli møtt av anerkjennande vaksne
- Personalet skal være lydhøre for barna sine interesser og behov når det vert lagt til rette for leik og læring
- Barna skal delta aktivt i planlegging og vurdering av barnehagen sitt innhald

Prosjektarbeidet skal auke personalet sin kompetanse og forståing for kor viktig det er at barna får medverke.



## BEREKRAFTIG UTVIKLING OG MILJØARBEID

Barnehagane i Helse Bergen arbeidar kontinuerleg med miljøtiltak og vore miljøsertifiserte etter ISO 14001 sidan 2004. Miljøsertifiseringa fornyast årleg og det blir føretatt revisjonar av miljøarbeidet.

Helse Bergen ønskjar å vere i fremste rekke innanfor miljøvennleg drift av sjukehus og institusjonar, og barnehagane følger den overordna miljøpolitikken i føretaket. Dette inneber at barnehagane utarbeidar miljømål og handlingsplan i miljøarbeidet, og følger føretaket sine rutinar for avfallsbehandling og innkjøp.

For barnehagane vil det viktigaste miljøperspektivet vere det haldningsskapande arbeidet med barna. Gjennom at vi er medvetne miljøet i kvardagen innarbeider vi gode haldningar og vanar, og i ulike aktivitetar får barna kjennskap til mangfaldet og samspelet i naturen. Barnehagane vil lære barna å vere glade i naturen, undre seg, ta vare på og bidra til at naturen vert forvalta på ein god måte for framtida. For personalet som arbeidar med små barn er det serleg viktig å vere gode forbilde. Vi tek vare på naturen og miljøet rundt oss på ein god måte. Dette er viktig arbeid som ingen kan stille seg likegyldig til.

## SAMARBEID OG FORELDRA SI MEDVERKING

Lov om barnehagar påpeikar at barnehagane skal drivast i nær forståing og samarbeid med barna sine heimar. Det betyr at foreldra/føresette skal ha innverknad på det som skjer i barnehagane og føresett at barnehagane legg til rette for eit nært samarbeid med foreldra.

Målet med foreldresamarbeidet er å skape ei nødvendig og gjensidig forståing for både det enkelte barn sitt behov og for barnegruppa sitt behov. Dette oppnår vi gjennom god kommunikasjon mellom foreldre/føresette og personalet. Dagleg kontakt ved bringe- og hentesituasjonane, foreldresamtalar, foreldremøter og skriftleg kommunikasjon legg grunnlaget for samarbeid med heimen.

Barnehagane har eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Foreldrerådet består av alle foreldra/føresette til barna i barnehagane. Foreldrerådet i Helse Bergen sine barnehagar vel representantar frå kvar avdeling til eit arbeidsutval. Dette arbeidsutvalet inviterast til å komme med innspel og medverke i forhold til barnehagane sitt innhald og prioriteringar.



## PLANLEGGING, DOKUMENTASJON OG UTVIKLING

Barnehagane er pedagogiske verksemdar der det vert stilt krav til planlegging, dokumentasjon og vurdering for å sikre kvalitet og utvikling for barna. Barnehagane skal vere ein god stad for alle. Vurderingane dannar grunnlag for barnehagane sitt arbeid med årsplanar og for utvikling av barnehagane som organisasjon. Kvaliteten i samspelet mellom menneska i barnehagen er ein viktig føresetnad for barna si utvikling og læring.

Barnegruppa og kvart enkelt barn sin trivsel og utvikling skal fortløpande observerast og vurderas slik at eventuelle endringar kan gjerast underveis. For å ha eit godt grunnlag for vurdering er det nødvendig at det vert arbeid systematisk med dokumentasjon. Dokumentasjonen skal brukast som grunnlag for refleksjon og diskusjon, og er eit verktøy for det vidare arbeidet og eventuelle endringar av praksis. Barnehagane sitt arbeid skal vurderast i forhold til kriterier gitt i barnehagelova og Rammeplanen.

I årsplanane gjer barnehagane reie for satsingsområder og vektlegging. Det vil komme fram i årsplanane kva satsingsområde som skal vurderast.

## OVERGANGAR

### OPPSTART I BARNEHAGEN

Tilknytting, tilhøyring og trygging er grunnleggjande for at barna skal trivast og ha ei god utvikling. Når eit barn startar i barnehagen skal det leggjast til rette for god kontakt mellom heimen og barnehagen. I barnehagen har barna ein kontaktperson som følger opp og tek vare på barnet og foreldra sine interesser i starten. Nye foreldre blir tilbode samtale ved oppstart for å bli kjent med barnehagen og for å utveksle informasjon. Dei yngste barna trenger trygging og nærleik, forutsigbarheit, kjente rutinar og omgivningar for å fremje god tilknytting.

### INTERNE OVERGANGAR

Barnehagen er ei heilheit, og personalet har ansvar for å gjere seg kjent med alle barna i barnehagen. Det vert lagt vekt på å gjere overgangar internt i barnehagen trygge og godt førebudd. I denne prosessen er det viktig med ein god dialog mellom foreldra og barnehagen. I barnehagen samarbeidast det om interne overgangar og det vert lagt til rette for fellesskap og inkludering.

### FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE OG SFO

Barna i Helse Bergen sine barnehagar kjem frå ulike bydelar og soknar til ulike skular. Det er dessverre ikkje anledning til å ha eit tett samarbeid med alle skulane. Det siste året i barnehagen førebur vi barna til skulestart. Det vert lagt vekt på at barna skal verte sjølvstendige, og dei får eigne tilbod for å fremje lærelyst.



«Møter jeg  
et barn, møter  
jeg et menneske»  
Anne-Cath Vestly



## KOMPETANSEUTVIKLING

Barnehagane skal vere ein lærande organisasjon der personalet er i utvikling og vekst. Det er eit nasjonalt mål å sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar. Kvaliteten avhenger av personalet sin kunnskap og erfaring. Kompetanseutvikling vil derfor vere eit satsingsområde.

Barnehagane har felles satsing på kompetanseutvikling. Det vert lagt vekt på fagleg utvikling gjennom intern opplæring og rettleiing, deltaking på eksterne kurs, foredrag mm. Målet er å utvikle personalet sin kunnskap og kompetanse, og bidra til auka kvalitet. I perioden 2018 – 2021 vert tema relatert til prosjektet «barna sin medverknad» prioritert.

## KONTAKTINFORMASJON

Hunstad barnehage / 55 97 49 42 / hunstad.barnehage@helse-bergen.no  
Ravneberget barnehage / 55 97 49 44 / ravneberget.barnehage@helse-bergen.no  
Vinterdalen barnehage / 55 95 85 63 / vinterdalen.barnehage@helse-bergen.no  
Vognstølen barnehage / 55 97 49 48 / vognstolen.barnehage@helse-bergen.no  
Barnehagesjef / 958 90 538 / inger.johanne.klausen@helse-bergen.no

